

24. september 2021

KJØPEKONTRAKT

Seljar : Fedje kommune

Kjøpar : Eli Gunnvor Grønsdal

Kjøpekontrakten gjeld kjøp av bustadtomt i Husøyna. Kontrakten gjeld gnr. 168, bnr. 519.

Arealet er 889 m². Tomta ligg utanfor reguleringsplan for Husøyna og utanfor den utvidinga av feltet som vart gjennomført på slutten av 90-talet utan reguleringsplan i samsvar med tomtedelingsplan av 30.10.96.

Kjøpar betalar gebyr for tinglysing og dokumentavgift.

Kjøpar betalar tilknytningsavgift for vann og kloakk.

Kjøpesum : 30 kr /m² * 889 m² + 223.000,- kr for veg, vatn og kloakk = 249.670,- kr.

Kjøpar får vegrett over kommunal grunn fram til tomta. Vegretten ligg i veg som kommunen har bygd som privat veg fram til Husøyna 65 B. Kjøpar har rett til å kopla seg på vass- og kloakkleidning som ligg i denne vegen. Kjøpar får ikkje rett til å nytta areal utanfor eigedomen 168/519 til parkering.

Kommunen har rett til å kjøpa tomta attende dersom ho ikkje er bygd på innan den 1/10-2024. Kjøpesummen vert då 249.670,- kr. Kommunen må nytta forkjopsretten innan 31. desember 2024. Kjøpesummen skal ikkje regulerast etter nokon prisindeks.

Kjøpar skal betala kjøpesummen på kr 249.670,- + gebyr for tinglysing og dokumentavgift når kommunen har skøyte klart for tinglysing.

Oppgjeret mellom partane vert direkte mellom kjøpar og seljar. Dersom kjøpar ikkje greier å betala tomrta utan å nytta meklar, må kjøpar betala kostnaden med dette.

for Fedje kommune

Eli Gunnvor Grønsdal

Vedlegg til kjøpekontrakt

Eli Gunnvor Grønsdal har etter gjeldande reglar krav på kommunalt tilskot for bygging utanom bustadfelt. Tilskotet vert utbetalt når grunnmur er ferdig dersom ordninga eksisterer.

Tilknytningsavgift vann og kloakk skal betalast når huset er ferdig.

Øyvind Tolleshaug
teknisk sjef